
Saksnr: 2020/71425-172
Saksbehandlar Marianne Ose Askvik
Dato: 19.11.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Per Morten Ekerhovd

Tilleggsinformasjon til PS 156/2020

Fylkesdirektør har motteke tilleggsopplysning som gjeld ordninga Ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen. Fordeling av midlane i denne ordninga skal opp til handsaming og vedtak i PS 156/2020. Fylkesdirektør vil i notatet gjere greie for kva som har skjedd og oppdatere forslag til vedtak.

Ein av søkjarane i PS 156/2020 (Baroniet Rosendal) sendte ein e-post til vlfk@vlfk.no 17.11.20. Denne vart registrert i ePhorte hos sakshandsamar 19.11.20. Med e-posten trekker søkjar den eine av to søknader til ordninga:

Hei.

Viser til innsendt søknad. Vi vil med dette trekke søknaden for 2020 (grunnet mottatt kompensasjon fra Norsk kulturråd), men vi vil beholde søknaden for 2021. Merk at vi har levert 2 søknader.

--

Vennlig hilsen

Stian Våge Welde
Prosjektkoordinator

Baroniet Rosendal
Den Weis Rosenkroneske Stiftelse
Pb 235, 5486 Rosendal
+47 909 35 627
baroniet.no
facebook.com/baroniet

Den aktuelle søknaden som no er trekt er registrert som nr 4 i søknader frå det profesjonelle kulturlivet (s.2/54 i vedlegg til PS 156/2020) og var innstilt til støtte med 500 000 kroner. At denne søknaden no er trekt betyr at 500 000 kroner kan omprioriterast.

Baroniet Rosendal leverte to søknader i denne ordninga og desse søknadene vart mellom anna vurdert i samanheng med kvarandre. Den søknaden som framleis ligg føre frå Baroniet Rosendal gjeld Kammermusikkfestival / Baronikonsertene 2021 (søknad nr.3, s.1/54 i vedlegg til PS 156/2020). Det totale budsjettet til søknaden er 6 200 000 kroner og søknadssum er 875 000 kroner. I forslag til vedtak er søknaden tilrådd 150 000 kroner. Som følge av at Baroniet Rosendal har trekt den eine søknaden sin, vil fylkesdirektør rå til at denne tilrådinga vert auka med 300 000 kroner:

Søkjnr. 3 i lista frå Profesjonelt kulturliv (s. 1/9 i hovuddokumentet til PS 156/2020):

	Søkjnr	Søknadssum	Tilråding
3	Baroniet Rosendal - Rosendal Kammermusikkfestival / Baronikonserterne 2021	875 000	450 000

Med denne endra tilrådinga står det 200 000 kroner attende til omfordeling.

Fylkesdirektør rår at tilrådinga til søknad nr. 16 (Bømlo teater) i Frivillig kulturliv vert auka med 50 000 kroner og vidare at tilrådinga til søknad nr. 42 (Stiftelsen D/S Stord 1) i Frivillig kulturliv vert auka med 50 000 kroner:

Søkjnr. 16 og nr.42 i lista frå Frivillig kulturliv (s. 3/9 og 4/9 i hovuddokumentet til PS 156/2020):

	Søkjnr	Søknadssum	Tilråding
16	Bømlo Teater	102 000	100 000
42	Stiftelsen D/S Stord 1	252 250	210 000

Fylkesdirektør rår at tilrådinga til Vestland idrettskrets i Idrett og friluftsliv vert auka med 100 000 kroner:

Søkjnr	Søknadssum	Tilråding
VESTLAND IDRETTSKRETS	5 484 310	2 035 000

Med desse oppdaterte tilrådingane har dei tre områda ei samla fordeling på 14 783 000 kroner fordelt slik:

Profesjonelt kulturliv:	8 583 000 kroner
Frivillig kulturliv:	3 120 000 kroner
Idrett og friluftsliv:	3 080 000 kroner